

Sei di meining

NYHENDESAKER:
firda.no
INNLEGG:
firda.no/synspunkt

Synspunkt

FIRDA

Grunnlagt 1917. Partipolitisk og økonomisk uavhengig avis.

Havbruket vil ha meir boltreplass

FHL, FISKERI- OG havbruksnærings landsforening vil opne nye område for havbruk og fjerne vernet som er innført i 29 havområde langs Norskekysten. Her i fylket vil FHL opne nye område i Sognefjorden, Dalsfjorden og Nordfjord for oppdrettsanlegg, og dei vil ta vekk dei restriksjonane som vart innført då dei nasjonale laksefjordane som skal verne villfiskstammen, vart oppretta.

LEIAR



Norsk havbruk er ein suksess, men medaljen har og ei baksida

over. Men havbruk krev areal, og skal næringa nå dei ambisiøse utviklingsmåla, treng den meir olbogerom enn i dag og nye område å vekse i.

DEN Plassen ER DET ikkje utan vidare sagt at oppdrettsindustrien kan rekne med å få. For norsk havbruk er ein suksess, men medaljen har og ei baksida: Trass i iherdig satsing frå næringa sjølv på miljøtiltak, blir sjukdom, lakselus og rømt oppdrettsfisk sett på som eit trugsmål mot villaks- og aurestammen. Det er dette som er årsaka til at ein oppretta dei nasjonale laksefjordane. I tillegg kjem også arealkonfliktar med friluftsliv og andre interesser langs kysten. Og derfor er det langt frå uproblematisk når havbruket no krev meir boltreplass for å vekse og utvikle seg, slik næringa vil, i tråd med nasjonale mål for havbruket.

BÅDE FRÅ NÆRINGA sjølv og frå dei som aller helst såg at havbruket vart lagt ned, er det svært mykje synsing ute og går. Det er derfor på høg tid å få utført ei evaluering av ordninga med laksefjordar, slik havbruket i første omgang ber om, og som var ein føresetnad då vernesonene vart innført. Det vil uansett ta tid, og derfor er det viktig å komme i gang. Så får ein deretter vurdere kva som må til for eventuelt å opne nye område for havbruk.

pressens faglige utvalg PFU Firda ønskjer å rette seg etter reglar for god presseskikk slik desse er nedfelt i Vær Varsom-plakaten. Den som meiner seg grammatisk av urettmessig avisomtale vert oppfordra til å ta kontakt med redaksjonen. Det er også høve til å reise klage for Pressens Faglige Utvalg, Rådhusgt. 17 3. etg, postboks 46 Sentrum, 0101 Oslo, tlf. 22 40 50 40. E-postadresse: pfu@presse.no

Gjengedalsvassdrag

Vasskraftutbygging: Endå ein gong er nye planar for kraftutbygging i Gjengedalsvassdraget lanserte. Som ved alle tidlegare utbyggingsalternativ hevdar utbyggaren, Sogn og Fjordane Energi, at utbygginga er optimalt miljøtilpassa og at konsekvensar og ulemper for grunneigarar og andre er små og ubetydelege. Såleis er det meste slik det har vore framstilt før.

DEBATT

RASMUS OMMEDAL

Så er endå ein gong nye planar for kraftutbygging i Gjengedalsvassdraget lanserte. Som ved alle tidlegare utbyggingsalternativ hevdar utbyggaren, Sogn og Fjordane Energi, at utbygginga er optimalt miljøtilpassa og at konsekvensar og ulemper for grunneigarar og andre er små og ubetydelege. Såleis er det meste slik det har vore framstilt før.

VED TIDLIGARE utbyggingsplanar har eg engasjert meg i kampen mot utbygging og har følt eit særleg ansvar for å ivareta fiskeinteressene i vassdraget. Eg hadde vel håpa at eg skulle sleppe å engasjere meg i dette endå ein gong, men etter å ha lese fagrapporten frå Sweco om naturmiljø og naturens mangfald som m.a. omhandlar fisk, har eg rett og slett ikkje samvit til å sitte roleg og ikkje reagere.

I Sweco-rapporten nemnd ovanfor på side 11 og 76 står det: «Samla sett forventast det liten negativ påverknad på anadrom fisk i anleggsperioden og ingen påverknad på anadrom fisk i driftsperioden».

Like eins i Friluftsliv-rapporten frå same firma på side 11 og 70: «Bygging og drift av kraftver-

ket vil ikkje gje konsekvensar for fisken i Ommedalselva.».

NÅR EIN LES utbyggaren SFE sine kommentarar til innspel som kom i samband med fastsetjing av konsekvensutgreiingsprogram, så er kanskje ikkje dette heilt overraskande og ein kan vel berre slå fast at utbyggaren har fått dei rapportane som omhandlar fisk og fiske som dei har bestilt.

Utbyggjar og rapportskrivarar har ikkje teke inn over seg at det generelt har vist seg at kraftutbygging i hovudløpet i lakseførande vassdrag er ein risikosport. Dette gjeld også reine fossekraftverk utan regulering. Ting kan skje, teknikk kan svikte. Og det som står på spel er

«Utbyggjar og rapportskrivarar har ikkje teke inn over seg at det generelt har vist seg at kraftutbygging i hovudløpet i lakseførande vassdrag er ein risikosport»

ikkje berre ein, men gjerne tre årsklasser med ungdom. Døme på slike episodar finn ein til dømes i Brulandsfossen i Jølstra, Gloppeelva og Åroy.

Det er ikkje mindre enn ein skandale at ikkje eit ord er nemnt i rapportane om oppgang av fisk i elva og utøving av fiske. At så sentrale problemstillingar ikkje er ofra ein tanke, (- eller berre er feia under tepet?), viser kor overflatiske rapportane er.

ATEI UTBYGGING som omfattar regulering av eit eller fleire magasin ikkje gjev endringar i vassføring gjennom og nedanfor stasjonen, er sjølv sagt berre tull. Hadde utbyggaren vore fornøgd med den vassføringa som rann naturleg, ville han ikkje ha bruk



for magasin.

Noko som gjer Gjengedalsvassdraget spesielt som lakse- og sjøaurevassdrag er kombinasjonen av ei relativt lita elv og særleg grovaksne bestandar både av laks og aure. Den nærkontakten dette gjev med fisken i den storsteinete og strie elva kombinert med den storslegne naturen som lagar råde rundt, har gjeve mange ugløymande

SJØLVPLUKK

FEIL FYLKESTING

At fylkestinget i Møre og Romsdal har gjort vedtak om kvar vegen skal gå i Nordfjord, er fullstendig irrelevant og har ikkje noko med lokaldemokrati i Sogn og Fjordane å gjere.

Firda Tidend på leiarplass om E39-lina

STORT NOK

I eit demokrati er eit fleirtal eit fleirtal, uansett kor lite eller stort det er.

Firda Tidend på leiarplass om at fleirtalet i fylkestinget ville ha E39 etter dagens trasé

BERRE «TING»

Det er lett å forstå at kommunen har kabalar som skal gå opp, men det er trist når utviklingshemma blir oppfatta som «ting» kommunen berre kan flytte på.

Leiari i NFU Gloppe lokalag, Gunhild Skinto, til Firda Tidend

LETTVINT OM RUS

Kommunane brukar altfor lettvinde løysingar på problema. Det hjelper ikkje å sitja inne på eit kontor og sjå på eit A4-ark og seia at sånn og sånn skal det vera.

Geir Reidar Hestetun i Årdal til Sogn Avis om rusmisbruk og ettervern

**DEBATT-
INNLEGG**

Debattinnlegg du ønsker på trykk legg du inn på firda.no/synspunkt

**FULLT
NAMN**

Alle innlegg må skrivast under med fullt namn. Skriv også kva kommune/stad du kjem frå, og om du skriv som representant for ein organisasjon.

**SKRIV
KORT**

Innlegg kan bli korta ned. Debattinnlegg: maks 4000 teikn inkl. mellomrom. Kronikk: maks 6000 teikn inkl. mellomrom.

DAGENS TAL

400

millionar kroner til ulike utdanningsprosjekt i fattige land, får norske frivillige organisasjonar i år. Det viser ein fersk oversikt frå Norad. (NPK)

aget – igjen ...

Utbygging lanserte, og det meste er framstilt som før, skriv artikkelforfattaren



GJENGEDALSVASSDRAGET: Aaelva mellom Hyejfjorden og Ommedalsvatnet er ein del av Gjengedalsvassdraget, som SFE vil bygge ut.

Foto: Svein Heggheim

opplevingar. Men denne kombinasjonen av lita elv og grov fisk, gjer også elva sårbar, og det vil vere langt enklare å få til eit både og som fungerer i større vassdrag.

Ommedalselva er også i naturleg tilstand heilt avhengig av flaumar av ein viss storleik for at

fisk skal gå opp frå Ommedalsvatnet. Erfaringar, både egne over mange år og etter meningsutveksling med andre lokalkjende og interesserte fiskarar, tilseier at det trengst flaumar på 30-35 m³/sek. for å få brukbar oppgang av fisk. Særleg for den store fisken er det posi-

tivt for ein massiv oppgang av fisk om flaumane går opp til 50-60 m³/sek. Etter slike flaumar er gjerne fisket bra både ei og to veker etterpå. Desse realitetane gjer at fangstresultatet også i eit uregulert vassdrag blir dårleg dersom det blir lenge mellom flaumane. Under slike tilhøve

blir fisken ståande i fjorden eller vatna og blir lite fangbar.

DET EINASTE som er nemnt i rapportane om konsekvensar av reguleringa for vassføringa nedanfor stasjonen, er at elva seinare blir lita etter flaum. Det som er langt viktigare og som ikkje blir nemnt, er bortfall og/eller kutting av flaumtoppar når vatn i regnvør blir halde tilbake i magasina. For å avgrense flaumtapet av vatn, må ein rekne med at utbyggaren vil prøve å møte regnversperiodar med nedtappa magasin. Sjølv om magasinvolumet no er mykje mindre enn i tidlegare planar, så er verkemiddel for å skade fisket framleis til stades. Samla magasininkapasitet i dei to vatna er om lag 3 millionar kubikkmeter. Dersom det vert halde tilbake t.d. 15 m³/sek. vil det gå 200.000 sekund, eller ca. 2,3 døgn før magasinane går i overløp. Om ein held tilbake 10 m³/sek., vil det tilsvarande gå bortimot 3,5 døgn før magasinane er fulle. Det er slett ikkje alle flaumar som er meir langvarige enn dette. Er det nokon som trur at dette ikkje kan ha konsekvensar for fisket?

EGHARI SAMBAND med tidlegare utbyggingsplanar peika på negative konsekvensar for auka islegging i Hyejfjorden. Sjølv om magasininkapasiteten er vesentlg mindre no enn tidlegare alternativ, er eg redd for at auka islegging kan bli merkbart. Det er stor skilnad på om ferskvatn renn til fjorden i mildvær, vind og regn i høve til stille, tørt og kaldt vinterver.

Dei relative tala er om lag følgende: Naturleg lågvassføring til Hyejfjorden i kaldt, tørt vinterver (inkl. Hopselva og andre mindre elvar og bekkar) = ca. 2

m³/sek. Om magasinane til Gjengedal Kraftverk t.d. vert tappa med 5m³/sek. vil ein få ei samla ferskvassstilførsle på 7 m³/sek. til fjorden, eller 3,5 gonger det som er naturleg. Og nedtappinga vil ta knapt ei veke. Avhengig av om ein får vinterflaumar som fyller opp att magasinane, kan ein få fleire slike periodar i løpet av vinteren som er utsette for auka islegging. For verksemdene som er avhengige av ein mest mogleg isfri fjord, er ei kvar forverring negativ.

SOMMARVASSFØRINGA i Gjengedalsvassdraget ligg i gjennomsnitt på ca. 20 m³/sek., medan vintervassføringa ligg på ca 5-6 m³/sek. i gjennomsnitt. (Aavatn vassmerke). Altså er sommarvassføringa nedst i vassdraget 3-4 gonger så stor som i vintermånadene.

I magasinområdet langt opp i vassdraget vil eg tru at skilnaden på sommar og vintervassføring er endå mykje større av di ein vesentleg større del av nedbøren fell som snø som blir liggende og først blir vassføring i vassdraget i vår og sommarmånadene. Eg går ut frå at det som i konsesjonssøknaden og rapportane blir kalla «den naturlege vasstandsvariasjonen i vatna» og er 70 cm for Storevatnet og 92 cm for Dalevatnet er det som er registrert i sommarmånadene. Så langt eg kan forstå er det desse verdiane utbyggaren har tenkt å nytte for køyring av magasinane heile året. Når variasjonen opplagt må vere mykje mindre i vintermånadene, står fram omgrepet «naturleg vasstandsvariasjon» som ei tvilsam sanning. Folk flest vil truleg legge det i omgrepet at forholda i vatna, også om vinteren, blir som før utbygging, noko som etter alt å dømme ikkje er tilfelle.

STATSMINISTEREN

**VERRE MED
EI ULUKKE**

Eger fødd slik, stik er det berre. Eg er ikkje bitter på grunn av dette. Det hadde vore verre dersom eg hadde vorte skadd i ei ulukke.

Jan Ole Rørvik (38) i Årdal, med cerebral parese etter ein fødselsskade, til Sogn Avis

